

Fra: "Thomas Henanger" <thomas.henanger@sognekraft.no>
Sendt: tirsdag 3. mars 2026 08:15:50
Til: "Karianne Rognhaugen" <kirr@nve.no>
Emne: Fardalselvi kraftverk - utviding av arealbruksgrensa ved utløpskanalen
Vedlegg: IMG_1041.JPEG, IMG_1153.JPEG, FDE-B-002 - Arealbrukskart for stasjonsområdet, rev A.pdf

Hei Karianne,

Her kjem info som forespurt kring utvidinga av arealbruksgrensa nedanfor utløpskanalen.

Som nemnt ser me eit behov for å erosjonssikre litt meir langs elva (nedstrøms avløpskanalen) enn det som var opprinneleg planlagt. Dette er på bakgrunn av:

1. Det har antagleg ikkje vore særleg godt erosjonssikra langs «Vetlaelvi» frå før (altså sideelva til hoveløpet av Fardalselvi). Grunneigar har informert at denne sideelva blir veldig stor under flaum, og at det er eit svakt punkt for erosjon nedanfor utløpet fordi evla går i ein sving.
2. Under drift vil kraftverket bidra med over 2m³/s ekstra vatn i dette elvestrekket, og dermed ser me det som naudsynt å sikre elvekanten litt ekstra.

Erosjonsikringa me ser for oss, er å plastre langs den austre sida av elva, for å hindre at elva grev inn mot dyrka marka. Høgspenkabelen for nettilknytninga er også lokalisert i dette området. Høgdeforskjellen mellom marka og elvebotn er ikkje særleg stor, så plastringa vert truleg 1-2 meter høg. Det er synleg fjell lengre ned langs elva, så det vil truleg ikkje vere naudsynt å plastre meir enn 4-5 meter. Sjå vedlagt oppdatert arealbruksplan for stasjonsområdet, der utvidinga er markert nede til venstre. Merk at me ikkje meiner det vil bli naudsynt å gjere tiltak i heile det markerte arealet. Det vil me vite meir sikkert når me har fått avdekka omfang av fjell ved elva. Sjå også vedlagt bilete frå elvestrekket frå i fjor før snøen kom.

Har undersøkt rundt det du nemnte om konsesjonsvilkåra for landskap og miljø, og kan ikkje sjå at denne arealutvidinga vil ha noko konsekvensar ift oppfylling av konsesjonsvilkåra. Det er ved utløpskanalen det er planlagt å etablere hekkehyller for fossefall, og i DML er det beskrive plastring ved utløpet (sjå utklipp), der stadleg stein er spesifisert i plastringa. Me vil gjere det på same måten vidare nedover.

Utløpskanal støypast under bygget med ein liten terskel og lukka utløpskanal til Fardalselvi. I utløpskanalen vert det laga til hekkehyller for fossefall. Ved utløpet i Fardalselvi vil de støyppte sidekantane til utløpskanalen plastrast med stadeigen stein (ikkje sprengstein) for å sikre ein jamn overgang til naturlig terreng langs elva på nedsida av utløpskanalen. Frå utløpskanalen og 50 meter oppstrøms er elveløpet teke med i inngrepssona. I dette området vil elvekanten mot dyrka mark bli plastra for å unngå erosjon mot røygata. Plastringa blir utført med stadeigen stein.



Figur 3-10 Eksempelbilete plastring.

Ikkje nøl med å ta kontakt dersom uklarheiter.

Med venleg helsing

Thomas Henanger

Prosjektleder | Sognekraft Produksjon AS

Tlf. +47 99396428

 **Sognekraft**
Produksjon